

Møteprotokoll

Ryfylkefondet

Utval: Ryfylkefondet

Møtestad: Sande næringsbygg, Hjelmeland.

Møtedato: 20.09.2019

Tid: kl. 09.00 – 11.00

Til stades: Solveig Ege Tengesdal, Gerd Helen Bø, Bjørn Laugaland, Irene Heng Lauvsnes, Bjarte S Dagestad og Asbjørn Birkeland.

Forfall:

Sekretær: Geir Ims

SAKLISTE

22/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 24.05.2019.

Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik den ligg føre.

Vedtak:

I samsvar med tilråding.

23/19 SØKNAD OM STØTTE TIL TUR-/SKILØYPE MOSVATNET

Tilråding:

Ryfylkefondet løyver kr. 200.000 til tur-/skiløype ved Mosvatnet i Suldal slik skildra i søknad.

Vedtak:

Samrøystes vedtak i tråd med tilråding.

24/19 SØKNAD OM STØTTE TIL MOR PROSJEKT «EIT STEG VIDARE»

Tilråding:

Ryfylkefondet løyver kr. 500.000 til pilotprosjektet «Eit steg vidare» slik skildra i søknad, på vilkår at dei andre bidragsytarar bidreg med reine budsjettmidlar på til saman kr. 2.200.000 slik finansieringsplanen visar.

Vedtak:

Samrøystes vedtak i tråd med tilråding.

25/19 SØKNAD OM STØTTE TIL BOKPROSJEKT «GODT RY»

Tilråding:

Ryfylkefondet løyver kr. 120.000 til bokprosjektet GODT RY, på vilkår at Ryfylkekommunane får til saman 10 eksemplar av boka.

Vedtak:

Samrøystes vedtak i tråd med tilråding.

26/19 SØKNAD OM PROSJEKTSTØTTE TIL MITT RYFYLKE

Tilråding:

Søknad om støtte vert ikkje imøtekomen.

Vedtak:

Samrøystes vedtak i tråd med tilråding.

27/19 SØKNAD OM MIDLAR TIL KONSESJONSSØKNADAR KRAFT

Tilråding:

Ryfylkefondet løyver kr. 600.000 til New Kaupang til arbeid med kraftkonsesjonar i Ryfylke, slik skildra i søknad.

Vedtak:

Samrøystes i tråd med tilråding.

28/19

SØKNAD OM STØTTE TIL NASJONALT SKYTESTEMNE

Tilråding:

Ryfylkefondet løyver kr. 50.000,- til Jørpeland Pistolklubb for gjennomføring av approbert feltstemne i april 2020

Vedtak:

Samrøystes i tråd med tilråding.

29/19

ORIENTERINGS- OG DRØFTINGSAKER

a. Administrative løyvingar:

A 08/19	Stavanger Mållag	kr. 10.000
A 09/19	Viga Hausken – Kvame	kr. 20.000
A 10/19	Sons of Norway	kr. 5.000

Søknad frå Fister Bygdaråd, varmpumpe avslått

b. Oversikt over løyvde midlar 2019. sjå vedlegg

c. Rekneskapsrapport pr 31.08.19, sjå vedlegg

d. Framtid for Ryfylkefondet

Vedtaket frå FU var oppe førre møtet.

No er kommunestruktur og grensejusteringar på plass og valet er over. Ryfylke IKS har vedtatt å gjennomføre ein strategiprosess.

No er det viktig å avklare kven som gjer kva for best mogleg resultat.

Tilråding:

Orienteringssakene vert tekne til vitande

Vedtak:

Samrøystes i tråd med tilråding.

30/19

SØKNAD OM STØTTE TIL MERKEVAREPROSJEKT RYFYLKEFRUKT SA

Tilråding:

Ryfylkefondet løyver kr. 45.000 til Ryfylkefrukt SA til merkevareprosjekt 2019 skildra i søknad.

Vedtak:

Samrøystes i tråd med tilråding.

31/19

**SØKNAD OM TILSKOT TIL AKTIVITETSPARK JØRPELAND
SENTRUM**

Irene Heng Lauvsnes gjekk frå som ugild, sidan Strandkommune var søkjar.

Tilråding:

Ryfylkefondet løyver kr. 500.000,- i tilskot til fullføring av parkour i den planlagte aktivitetsparken på Jørpeland.

Vedtak:

Saken blei utsett til neste møte.

32/19

YMSE

Det var ingen saker under ymse posten.

Hjelmeland, 20.09.2019

Geir Ims